Copyright : Munch-museet/Munch-Ellingsen gruppen/BONO 2005. Foto: Munch-museet (Andersen/de Jong)

MÅLERIKONSERVATOR Mille Stein står i fordragsalen i Munch-museet og fortel om problema ho har hatt i det siste. Det handlar om størlim, syntetisk harpiks og gelatin. Forskaren frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) leier arbeidet med å konservere to av Munch sine monumentale utkast til utsmykkinga av Universitetsaulaen. Dei to måleria er så digre at jobben må gjerast her inne i foredragsalen, til stor glede for publikum.

Midt i rommet ruver "ho mor" – *Alma Mater* – på eit digert stillas. Denne versjonen vert oftast kalla Forskerne. Måleriet er 4,80 meter høgt og 11,50 meter breitt. Oppå stillaset står fleire målerikonservatorar frå NIKU. Med fine penslar, varmeskjei og vassdamp skal dei få skikk på måleria som var i svært dårleg stand. På veggen lyser *Solen*, som er ferdig restaurert.

– Eg synest denne versjonen av *Solen* har noko friskt over seg. Det er meir spontant enn versjonen som heng i aulaen, seier Mille Stein. Ho fortel at restaureringa av *Solen* stort sett gjekk greitt.

– Vi har reinsa overflata, og målinga som hadde losna er festa ved hjelp av størlim.

«Munch truga med å selje måleria til utlandet.»

Limet er produsert av stoff frå symjeblæra til størfiske. Det er stabilt og har svært god klistrekraft. Dette er ein gammal metode, som også gjer det mogleg å behandle større flater om gongen, fortel Stein.

I metoden påførast varmt størlim med pensel gjennom eit tynt japanpapir. Deretter vert limoverskotet trekt opp gjennom eit absorberande papir. Japanpapiret trekkast av medan det enno er vått.

Stein fortel at dei under arbeidet med *Solen* også fjerna vasskjoldar som har oppstått på grunn av vasslekkasjar i Munch-museet.

– Men vasskjoldane frå Munchs tid skal vi ikkje fjerne. Desse måleria har blitt eksponert for mykje regn, sol og vind, noko som har sett sine spor. Då Munch busette seg i Kragerø,

bygde han eit kjempestort stillas i ute hagen der han stod og jobba med dei digre ukasta til aulaen.

Då Munch i 1909 sette i gong med konkurranseutkasta, hadde han akkurat kome heim til Noreg etter mange år i utlandet. Konkurransen om å utsmykke den nye festsalen i Universitetet førte etter kvart til bitter strid. Først var det ein open usmykkingskonkurranse, men i neste omgang konkurrerte fire kunstnarar mot kvarandre i ein lukka konkurranse. Desse var Eilif Peterssen, Gerhard Munthe, Emanuel Vigeland og Edvard Munch. Det ende uavgjort mellom Munch og Vigeland, og dei to konkurrerte på nytt i 1911. Då forkasta juryen Vigelands forslag, men Munch fekk likevel ikkje oppdraget. Arkitektane meinte måleria hans ikkje passa inn i den nyklassiske stilen i aulaen, og dermed nekta Det akademiske kollegium å godta utsmykkinga.

Då starta Munch sin eigen PR-kampanje. I åra 1909–1911 hadde han utført over 30 store ukast, mange av dei i full målestokk.

– Nokre av måleria vart sende på utstillinger i inn og utland, og Munch truga med å selje dei til utlandet om ingen her i Noreg ville

ha dei. Solen vart mellom anna stilt ut i Berlin, fortel Stein.

Det var Jens Thiis, direktøren ved Nasjonalgalleriet, som stod på for at Munch skulle få utsmykkingsoppdraget, og til slutt greidde han å få overtald kollegiet. Aulautsmykkinga stod ferdig i 1916.

I DESSE DAGAR vert altså to av Munch sine aulautkast restaurerte under leiing av målerikonservator Mille Stein. Ho har sjølv utdanning frå Nasjonalgalleriet, men arbeider no i NIKU. Dette oppdraget vert likevel utført i tett samarbeid med konservatoravdelinga ved Munch-museet.

Men plutsleg vart oppdraget meir omfattande enn målerikonservatorane hadde tenkt seg på førehand.

– Då vi begynte å jobbe med *Forskerne*, fekk vi oss ei stor overrasking. Planen var at vi også her skulle bruke varmt størlim til å feste laus måling og å løyse opp gelatinen på overflata. Gelatinen vart sprøyt på måleriet i 1951 for å feste laus måling. Mange stader hadde ikkje gelatinen trengt inn i målinglaget, men låg som ein film oppå lerretet. Gelatinen er blitt sprø med åra. Den krøllar seg opp og dreg med seg Munchs måling. Derfor måtte vi få gelatinen bort. Men då det varme størlimet vart påført, fekk vi ei ubehagelig overrasking, fortel Stein.

For dette måleriet har nemleg hengt oppe i Universitetsaulaen to gonger i løpet av Munchs levetid. Munch kunne nemleg ikkje bestemme seg for kva versjon av motivet som var best, måleriet *Alma Mater* som vart hengt opp i 1916, eller dette utkastet. Og det var

Forskerne som hang i aulaen i 1940, då andre verdskrigen braut ut, kan Stein fortelje.

Då måtte alle måleria i aulaen evakuerast raskt. Dei vart demonterte og seinare flytta til gruvane i Kongsberg. Etter krigen vart *Forskerne* hengt opp att i aulaen, og alle måleria vart då festa på plater med rugmjølsklister. Straks etterpå begynte diskusjonen om kva for versjon av som skulle henge oppe. I 1951 bestemte Universitetet i Oslo at deira eigen versjon, *Alma Mater*, skulle henge i aulaen, og *Forskerne* skulle takast ned og seinare kome plass i det planlagde Munch-museet. Munch, som døydd i 1944, hadde då testamentert heile målerisamlinga til Oslo kommune.

DET VAR NO problemet byrja for *Forskerne*. For då utkastet skulle takast ned frå plata, greidde ein ikkje å løyse opp rugmjølsklisteret på baksida. Måleriet måtte dragast av med kraft, og det oppstod skader. Lerretet var tynt, og hadde ikkje på langt nær den same kvaliteten som dei andre måleria i aulaen.

– Dette fortel mykje om kor viktig det er å kjenne til historia når vi skal behandle eit måleri. I dei første undersøkingane vi gjorde, fekk vi nemleg ikkje tilgang til baksida av *Forskerne*. Det kjempestore måleriet kunne ikkje takast ned frå vegg. Difor oppdaga vi ikkje det ujamne, til dels tjukke laget med rugmjølsklister. Så vi vart ganske overraska då vi skulle påføre størlimet og oppdaga at klisteret på baksida reagerte. Det oppstod synlege deformasjonar i målinga. Metoden

var rett og slett ubrukeleg, seier ho.

Målerikonservatorane hadde altså fått to problem i fanget: Korleis skulle dei få fjerna gelatinlaget og korleis skulle dei greie å feste laus måling utan å bruke størlim eller vatn? Problemet var at størlimet som løyste opp gelatinen også løyste opp klisteret på baksida.

Dei måtte jakte på ein ny metode som ikkje ville påverka baksida av *Forskerne*.

– Den metoden vi kom fram til, er drøfta med kjemikarar ved Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo og ved Nasjonalmuseet i København, og dei har ingen innvendingar. Ved denne metoden påfører vi varm vassdamp på overflata av måleriet. Framsida av måleriet vert fuktig, men ikkje baksida. Den varme dampen får gelatinen til å smelte, slik at den vert absorbert inn i målinglaget. Og den verkar framleis som eit limstoff som fester tynne målingflak til underlaget. Men metoden kan ikkje brukast på alle område av måleriet. På dei områda der oljemålinga ligg i tjukke lag, må vi bruke syntetisk harpiks for å feste målinga. Der bruker vi ei varmeskei for å aktivere klebestoffet, og laus måling vil feste seg til underlaget når dette blir varma opp.

– KVA ER TYPISK for Munchs måleteknikk?

– Måleteknikken hans er ikkje grundig undersøkt, men vi ser at han har brukt eit stort register for å oppnå ulike visuelle uttrykk. Karakteristisk for *Solen* og *Forskerne* er at dei er måla på matt, grunna lerret, der den kvite grunninga blir ein viktig del av uttrykket.

Kunsthistorikaren Arne Eggum har peika på at utkasta til aulaen var dei første Munch måla etter han kom heim frå Dr. Jacobsons

«Gelatinen er blitt sprø med åra. Den krøllar seg opp og dreg med seg Munchs måling.»



Størlimet skal halde 50 grader før det vert teke i bruk og påført måleriet. (Foto: Johanne Landsverk)



Målinga har losna, og syntetisk harpiks vert påført med spiss pensel av målerikonservator Helen Davis. Ho er leigd inn av NIKU spesielt til dette prosjektet. (Foto: Johanne Landsverk)



Mille Stein viser korleis syntetisk harpiks vert aktivert med varmeskei, og den lause målinga vert festa til underlaget. (Foto: Johanne Landsverk)

klinikk i København, og dei representerer eit brott i stilen hans. Koloritten er lysare og lettare enn før, og penselskrifta er friare.

– Så vidt eg veit, har Munch først og fremst brukt oljemaling, og bindemiddelanalysar som vart utført i samband med planlegginga av restaureringsarbeidet, viser bruk av linolje og valnøttolje. Men av og til har vi støytt på måling som reagerer fullstendig annleis, for eksempel under arbeidet med *Solen*. Nedst på måleriet er det eit felt på 20-30 cm som Munch har måla seinare. Her har han brukt fleire typar måling, mellom anna ein type som reagerer spontant på vatn og som dannar lange, seige trådar ved berøring. Denne målinga hadde vi ikkje analysert i forprosjektet, og vi veit ikkje kva den består av, seier Stein.

Målerikonservatoren har vore tilsett ved Munch-museet, og i 2004–05 leia ho eit prosjekt der ein skulle undersøke tilstanden til alle Munch-måleri til Oslo kommune, til saman 1158 ulike måleri. Ho konkluderte med at tilstanden til kunstsamlinga er ganske dårleg.

– Eg har foreslått at det blir oppretta eit tiårig prosjekt med tittelen "Munch for fremtiden". Målet er å heve tilstanden i kunstsamlinga til eit akseptabelt nivå. Det hadde også vore bra om museet fekk økonomi til å forske på Munchs måleteknikk, uttaler ho.

Av Johanne Landsverk

Målerikonservatorane ved NIKU restaurerer utkastet *Alma Mater/Forskerne*, som oftast går under namnet *Forskerne*. Utkastet er 4.80 x 11.50 meter, og er måla i Kragerø 1910–1911.

(Foto: Johanne Landsverk)



Her viser målerikonservator Thierry Ford korleis han smeltar gelatinen på overflata med varm vassdamp. Leiar for prosjektet, Mille Stein, følgjer med på arbeidet.

(Foto: Johanne Landsverk)



Munch-museets versjon av *Solen*, 1910-11. Olje på lerret 460 x 778 cm, Munch-museet. Copyright : Munch-museet/Munch-Ellingsen gruppen/ BONO 2005. Foto: Munch-museet (Andersen/de Jong)



Visjonen om ein kunnskapsby

Tanken om fysisk samling av NTNU har vekt sterkt intern motstand. No inngår flytteplanen i ein større visjon om å gjere Trondheim til ein "fremragende utdannings- og forskningsby mot 2020". – Tåkelegging, seier motstandarane.

Det byrja med ei flyttesak for Dragvoll, universitetsavdelinga nokre kilometer frå Trondheim sentrum. Skulle HF- og SVT-fakulteta flyttast nærare sentrum og Gløshaugen, det gamle setet til NTH? I dag har saka ekspandert til ein stor strategiprosess om by- og fagutvikling fram mot år 2020. "Kunnskapsbyen Trondheim" er nøkkelorda. Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST) og NTNU gjekk i fjor saman om prosjektorganisasjonen NTNU 2020/HIST 2020 som utgreier ei samlokalisering av både institusjonane.

Tilhengarane av samlokalisering argumenterer med betre føresetnader for tverrfagleg samarbeid og at byen vert meir attraktiv for studentar og tilsette. Motstandarane peikar på store kostnader og eit overbelasta sentrumsområde.

BRIT MÆHLUM arbeider på Dragvoll. Ho er professor ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap og blant dei aktive flyttemotstandarane.

– NTNU 2020 er eit luftslott som kviler på postulat som er umogeleg å verifisere. Eg vil kalle det ein ekstatisk-visjonær idé, seier Mæhlum. Ho etterlyser underbygging av på-

«Samarbeid på tvers av fag-grensene gjør oss i stand til å tenke tanker ingen har tenkt før, og skape løsninger som forandrer hverdagen.»

Prosjektpresentasjonen frå NTNU 2020/HIST 2020.

standane om betre tverrfagleg samarbeid og auka attraktivitet.

– Den faglege gevinsten er ikkje dokumentert. For å ta oss på HF som døme: SVT-fakultetet ligg rett borti gangen her, men vi startar ikkje automatisk å samarbeide av den grunn.

– *Kvifor er du så skeptisk?*

– Ei samlokalisering vil i fleire år dreie inn-satsen vekk frå primærverksemda vår på universitetet. Det vert praktisk arbeid og øydsling med krefter i årevis. Ein må stokke om på Gløshaugen òg. Den eventuelle relokaliseringa vert ikkje samla der, men i lange pølser ut frå sentrum. Eg stussar òg over at den fysiske avstanden skal vere så viktig i globaliseringas

tid. Ein hadde kome langt med betre bussband mellom Dragvoll og Gløshaugen, meiner Mæhlum, som etterlyser ei parallell utgreiing av framleis universitetsliv på Dragvoll.

– Ei "null-løysing" vert ikkje utgreia som alternativ. Dermed er konklusjonen lagt.

Ho har dette å seie om flyttetilhengarane:

– Etter kvart som dei har merka den sterke motstanden, har pilla vorte sukra meir og meir. No er det ein heil godtebutikk som dei kallar NTNU 2020.

NTNU FEKK NYTT styre i august. Eitt av dei nye medlemene er professor Svein Lorentzen. Lorentzen markerte seg tidleg som motstandar av samlokalisering, blant anna gjennom avisinnlegg. Han var òg ein av personane bak ein underskriftsaksjon som samla tusen underskrifter mot flytting. Lorentzen meiner han vart "feid inn i styret" på grunn av flyttesaka.

– I utgangspunktet var styrevalet ein usadvanleg klår demonstrasjon og eit uttrykk for kva dei tilsette meiner om samlokalisering. Dette var den viktige enkeltsaka, og eg ser på mandatet mitt som heilt klart: å prøve å stoppe prosessen, seier Lorentzen då han tek mot Forskerforum på kontoret hans ved Program for lærarutdanning på Dragvoll.

MANGE ORGAN SKAL seie sitt. Kunnskapsminister Øystein Djupedal har slått fast i Adresseavisen at samlokalisering er ei nasjo-

Skal kunnskapane samlast rundt Gløshaugen? (Foto: NTNU Info/Mentz Indergaard)

Eller skal kunnskapane vekse utover jorda på Dragvoll? (Foto: NTNU Info/FWFoto AS)





– Korleis ein skal verte god? Korleis ein skal møte framtida? spør Inge Fottland, prosjekt-direktør for NTNU 2020/HIST 2020.
(Foto: NTNU Info)



– Samlokaliseringssaka tek energi og skapar mistillitsforhold mellom leiing og tilsette, meiner styremedlem Svein Lorentzen.
(Foto: Kjetil A. Brottveit)



– NTNU 2020 er ein ekstatisk-visjonær idé, seier Brit Mæhlum.
(Foto: NTNU/Info, Lisa Olstad)

nal sak som Regjeringa må vurdere og eventuelt leggje fram for Stortinget. Trondheim bystyre handsama saka om kunnskapsbyen Trondheim og byintegrert universitet og høgskole i slutten av oktober. 50 representantar røysta for framlegget om samlokalisering av HiST og NTNU, 35 røysta mot. Like fullt må initiativet etter alt å dømme kome frå institusjonane sjølve. Adresseavisen har kartlagt at NTNU-styret er delt på midten i spørsmålet, men må bestemme seg innan mars 2006.

– Det fyrste det nye styret gjorde i august var å vedta tre punkt: 1. mars 2006 skal vi gjere eit reelt vedtak om Dragvoll skal flyttast. 2. Vi skal ikkje inngå nokre bindingar som gjer at vi ikkje kan bestemme oss då. 3. Vi føreset at vi innan mars 2006 får førelagt korleis Dragvoll kan halde fram med å vere, og utvikle seg som, lærestad, seier Lorentzen. Han meiner prosessen hadde vorte enklare og tydelegare dersom ein heldt seg til den opphavlege flyttesaka.

– I starten hadde denne saka ein anna profil – som ei greitt definert flyttesak. Med planen om NTNU 2020, og i tillegg ei eventuell samlokalisering med (HiST), vert flyttinga tilsausa og tåkelagt.

– Meiner du at tåkelegging er ein medviten strategi?

– Det er iallfall ein enkel mekanisme her: Når ein møter mykje større motstand enn venta mot ei enkeltsak, kan ein innføre ein større kontekst, som den opphavlege saka berre vert ein liten del av.

– Hadde du vore meir positiv til samlokalisering om det ikkje var for innpakkinga i ein "kunnskapsby"?

– Nei, men prosessen hadde vorte ryddigare. Lorentzen framstiller samlokaliseringa som ei sak der dei tilsette står mot leiinga. Han viser til underskriftsaksjonen, styrevalet og at nesten alle lesarinnelegga om emnet i Universitetsavisa har vore mot-innlegg.

– Det er tindrande klart at saka tek energi, skygger for andre saker og skapar mistillitsforhold mellom leiing og tilsette. Det er eit stort underskot av tillit til leiinga i dag. Dei tilsette ved NTNU har gått manns- og kvin- nesterkt ut og sagt kva dei meiner. Eg har sjeldan sett ei meir eintydig haldning blant dei tilsette. Samtidig har styret og rektoratet kasta 20 millionar kroner inn i den andre potten (løyvingar til å utgreie samlokalisering, journ.merkn.) Her står massen mot leiar-

«Samarbeid og alliansebygging er viktig for å styrke Trondheims konkurransekraft og attraktivitet.»

Prosjektpresentasjonen frå NTNU 2020/HIST 2020.

gruppa.

– Som flyttemotstandar: Er styrevedtaket om at saka skal avgjerast alt i mars risikabelt?

– Det kan ein kanskje seie, men det er òg motsett. Dersom vi hadde levd vidare med saka, hadde vi hamna i eit demokratisk vakuum, og mistilliten hadde vorte forlenga. Det kan òg hevdist at dersom det hadde gått lengre tid, kunne ein ha sausa flyttinga inn i ein stadig større prosess med stadig fleire variablar, seier Lorentzen. Han innser at hovudoppgjaget til NTNU 2020/HIST 2020 er å utgreie flytting, men legg vekt på at dei òg må sjå på korleis Dragvoll kan utvikle seg.

– Her har vi alle utbyggingsmuligheter vi treng og ingen trafikkproblem, seier Lorentzen og peikar utover jorda utanfor vindaugst:

– Her eig staten så langt vi kan sjå.

Forskerforum treffer seinare to representantar frå prosjektorganisasjonen per telefon; prosjektdirektør Inge Fottland og rådgjevar Tor Medalen, professor i byplanlegging ved NTNU.

– Vert ei enkel flyttesak tåkelagt ved å byggast inn i ein stor strategiprosess?

– Nei, men i ein planleggingsprosess for ei så stor sak er det nødvendig at dei fysiske løysingane som vert utgreia byggjer på strategiane og måla til institusjonane. Då er det viktig at alle aktuelle aktørar kjem på banen. HiST har bestemt seg for å samle seg nær universitetskliniken på Øya. Då er ein òg nær Gløshaugen. Styret ved NTNU har avvist å utgreie ei mogeleg samorganisering av dei to institusjonane, men ei samlokalisering mellom NTNU og HiST skal utgreiast. Ein kan dessutan ha overordna strategiar for korleis ein skal verte god, og korleis ein skal møte framtida, seier Fottland.

Medalen legg vekt på det tette samarbeidet mellom Trondheim kommune og prosjektorganisasjonen. Kva kan tillatast og ikkje av mogeleg utbyggingar?

– Då saka fyrst kom opp som ei rein flyttesak, meinte mange det var feil å flytte Dragvoll. Når dei no framleis meiner at det er feil, så har dei kanskje bestemt seg, før utgreiingane, om muligheter og konsekvensar knytte til samlokalisering, seier Medalen.

FOTTLAND TILBAKEVISER at prosjektorganisasjonen berre utgreier samlokalisering.

– Vi utgreier tre-fire ulike scenario, og ei to-campusløyving for NTNU er blant desse. Vi viser ulike vegval, for berre HiST internt, for NTNU internt, og for dei to institusjonane samla.

– Betre vilkår for tverrfagleg samarbeid har vore eit hovudargument for samlokalisering. Kan dette underbyggast?

– Det er vanskeleg å prove vitskapleg. Hestnes-utvalet, med vitskapleg tilsette frå NTNU, har sett på internasjonale røynslar som tyder på at det er ein samheng mellom fysisk nærheit og muligheter for tverrfagleg samarbeid. Dette er elles faglege vurderingar som leiinga og dekanane ved NTNU og HiST vil drøfte vidare fram mot mars. Planleggingsfirmaet Sasaki som er engasjert av prosjektet, har røynslar frå ca. 400 universitetsoppdrag, hovudsakleg i USA. Dei har gode føresetnader for å peike på eventuelle gevinstar ved samlokalisering, seier Fottland, som òg har konkrete døme på at slike vinningar ligg til grunn for samlokalisering:

– Universitetskliniken ligg nær teknologimiljøa ved NTNU, medan sjukepleiarutdanninga ved HiST flyttar nærare Det medisinske fakultet ved NTNU og Øya sykeheim som er under planlegging.

– Kva er den største utfordringa i den knappe tida som er att fram til vedtak?

– Det er eit stort arbeid å kalkulere økonomien i dei ulike løysingane, til dømes dersom Dragvoll skal omgjerdast til ein bydel med bustader og serviceinstitusjonar. Infrastruktur, økonomiske konsekvensar og faglege ønskje må avvegast, avsluttar Fottland.

Eit uhorveleg sakskompleks med element av tverrfagleg samarbeid, av tomter, nybygg, teknologi og bussruter – prega av både endringsvilje, reformtrøytteleik, underskriftsaksjonar og konsultentselskap – alt må ut av tåka innan mars. Då vert det vedtak. Då vert husa i kunnskapsbyen plassert på kartet.

Av Kjetil A. Brottveit

Medlem nr. 40102501 **Jacqueline K. Andersen**
(Ph.D.)

Stillings: Førsteamanuensis i medisinsk biologi,
Avdelingen for helse- og sosialfag, Naturvitens-
skaplige fag, Høgskolen i Hedmark
Utdanning: Doktorgrad i immunologi



1. Hva jobber du med nå?

– Jeg er nettopp ferdig med en tretimers forelesning i anatomi, fysiologi og biokjemi. Ellers forsker jeg på Crohns sykdom og er veileder på et forskningsprosjekt om alternative behandlingsmetoder for diabetisk sårbehandling.

2. Hvor tenker du best?

– Det er når jeg sitter for meg selv i fred og ro. Helst på hytta ved sjøen.

3. Hva er den viktigste fagboken i ditt akademiske liv?

– *Immunology* av Roitt, Brostoff, Male.

4. Hva er tabu i ditt fag?

– Personer som uttaler seg om kompleksiteten innenfor immunologi uten å ha faglig dekning.

5. Hva skal til for å bli en god immunolog?

– Du må være genuint interessert i immunologiske aspekter, være spørrende, nysgjerrig og dedikert.

6. Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Det må være foreleseren jeg hadde på universitetet, Dr. Ken Wilkie som inspirerte meg til å satse på immunologi som fagfelt. I tillegg må jeg nevne veilederen min under doktorgradsarbeidet ved University of Surrey og University of Hertfordshire, Dr. Haru Takamatsu, som videreførte gleden i det å fordype seg i dette spennende fagfeltet.

7. Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?

– Matematikk ville være spennende for meg. Ellers ville det vært innenfor fremmenspråk, da jeg har reist og bodd mye i utlandet over flere år og har sett hvor viktig det er med god kommunikasjon.

8. Om du var utdannings- og forskningsminister, hvilket enkelttiltak ville vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Det er to enkelttiltak jeg vil ha kastet meg over: Sette fokus på realfag i skolen, og få satset vesentlig mer på forskning i Norge.

9. Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?

– Jeg var i Guildford i Storbritannia.

10. Hva vil du lese mer om i Forskerforum?

– Jeg synes det er mye interessant å lese i Forskerforum. Kanskje mer om realfag og internasjonalt stoff.

Av Ingar Myking

Skjønnd

«Et pust av mennesker»

Romanen *Hvem har ditt ansikt?* av Liv Koltzow kom ut i 1987. Hovudpersonen Helen er i slutten av 20-åra, kunstnar, gift og har to barn. Ho har problem med å velje – i karriere og kjærleik – og det er rimeleg å lese identitetsproblematikk ut av tittelen.

Helen tek til å studere filologi på Blindern, og her er mange skildringar av landskapet og bygningane på universitetet, kor fullt og tomt Blindern kan vere. Her er ho seint ute til førelising:

“hun åpnet døren til auditoriet, et pust av mennesker møtte henne – det skrånende lokal-
let var så fullt som hun hadde visst det måtte være på grunn av stillheten i den øde hallen utenfor. Foreleseren i gang på podiet, stemningen travel, dempet hektisk, nærmest unormalt besluttosom. Hastverket de hadde med å falle til ro fortalte at eksamen nærmet seg, og blikkene mot døren hun hadde åpnet var litt strengere enn ellers. Hun lette med øynene etter en tom plass mens hun trakk av seg jakken, ålte seg frem, møtte nok et par ublide øyne, satte seg, listet frem forelesningsblokk fra bagen, begynte å lytte, satt urørlig til hun fant en tråd og kunne begynne å notere og var glidd inn i rekkene og blitt en av alle og usynlig igjen (...).”

Førelisingane gjev henne ikkje alltid så mykje. Ho vert oppgjeven då ein førelesar seier om kong Sverre: “Kildematerialet er så sparsomt at en ikke kan utsi noe særlig om dette spørsmålet.” Ho spør seg om “hvordan det da allikevel er mulig å snakke om det i to timer?”

Men Helen finn noko anna Blindern, og det går slik med pensum: “Hun leste den samme siden om igjen ti ganger. Så ham for seg, smilte innover i seg selv, kom ikke videre.”

Mannen heiter Aksel, og frå då av handlar det om kjærleik og utruskap.

I spalta Skjønnd presenterer vi skjønnlitterære skildringar av det akademiske livet.

Hvem har ditt ansikt? kom ut på Aschehoug.

Boka vart nominert til Nordisk Råds litteraturpris.

Bilder fra norsk forskning



Professor Kristian Birkeland (1867-1917), norsk fysiker som nådde helt opp i nobelpris-klassen. For allmennheten er nok Birkelands navn først og fremst knyttet til Birkeland-Eydes metode for salpeterfremstilling og dermed etableringen av Norsk Hydro.

Som forsker begynte Birkeland som ren matematiker før han gled over i teoretisk fysikk, mens hans hovedinnsats etter hvert skulle ligge innenfor eksperimentalfysikken. Naturvitenskapsmannen Birkeland publiserte ca. 70 vitenskapelige avhandlinger (de fleste på fransk) og skrev tre monografier (den ene på 800 sider). Industriforskeren Birkeland hadde 59 patenter. Tolv var knyttet til Birkeland-Eyde-ovnen og starten av Norsk Hydro. Andre kjente oppfinnelser er: Den elektromagnetiske kanon, fettherding, tørking av fisk, behandling av organiske rester og mekaniske høreapparat. Her pågår forsøkene med å fremstille nitrogengjødsel fra luft med elektrisitet etter en metode utviklet av Kristian Birkeland og Samuel (Sam) Eyde. Bildet er trolig fra 1903 og viser Kristian Birkeland (t.v.) og Eivind Bødtker Næss i et forsøkslaboratorium. (Foto: Scanpix)

Professorsønnen

– Statsråden har sett frem til dette intervjuet, forteller informasjonsmedarbeideren. – Han er så glad for å få snakke om noe annet enn barnehager og bordbønn i skolen.

STEMNINGEN ER GOD når Forskerforum ankommer Djupedals kontor. Og vi ødelegger den med en gang.

Vi legger en diktafon på bordet. En tung stemning brer seg gjennom kontoret. Vi får en følelse av å ha lagt en granat foran statsråden.

– Det var altså dette med Dagsavisen...sier Djupedal.

– De brukte også båndopptaker.

– Du skal få full sitat- og endringsrett.

– Godt.

– Forskerforum er tross alt ikke Tabloid.

– Hø-hø. Æ veit nå itt det.

DET ER EN YDMYK statsråd vi møter. I hjørnet sitter en pen ung mann i dress. Han representerer embetsverket.

– Naturlig nok har jeg ennå ikke full oversikt. Jeg er redd du får en del generelle svar, sier Djupedal

– Men ikke bry deg om meg, sier embetsmannen. – Jeg er bare her for å hjelpe.

– Ja, ja, sier vi.

– Men det var altså dette med Soria Moria...

– Ja, hva med Soria Moria? spør Djupedal.

– Jeg tror ikke at alle medlemmene i Forskerforbundet er klare for at alle med treårig videregående skole skal få studiekompetanse.

– Vi skal ikke starte med det som premiss. Vi skal starte med det helt åpenbare: Kvaliteten i høyere utdanning skal opprettholdes og forbedres. Jeg forstår at en del i miljøet er bekymret for denne setningen i Soria Moria, det skjønner jeg. Men både erfaringene fra realkompetansereformen og andre erfaringer viser at svært mange som tidligere ikke hadde studiekompetanse, blir gode studenter.

– Men...

– Men hvordan dette rent praktisk skal gjøres, har vi ikke besluttet noe om. Vi skal gå inn en dialog med fagmiljøene og få en god ordning. Jeg vil også bare nevne at de som har gått videre fra yrkesskole til teknisk skole og ingeniørutdanning ikke står noe tilbake fra dem som kommer fra allmennfag.

– Men det kan bli dyrt med alle som stryker.

– Det som er det viktige her, er at vi har et mye breiere kunnskapssyn enn den forrige regjeringen. Vi skal finne en løsning som ikke reduserer kvaliteten på høyere utdanning. Det er jeg trygg på.

– Vi vet likevel at de fleste med dårlige matematikkarakterer trolig vil stryke på for eksempel på lærer- eller ingeniørutdanning.

– Som sagt, dette skal vi komme tilbake til.

FOR DEM SOM er litt skuffet over svaret, Djupedal har mange slike svar, det være seg om det gjelder finansieringsmodellen til høyere



– Far hadde Norges største samling med nynorsk-bøker i privat eie. Vi gav alle 15 000 bøkene til Ivar Aasen-senteret, forteller kunnskapsminister Øystein Djupedal. (Foto: Thomas Bjørnflaten)

«Uansett hvor barnehagene ligger administrativt, uansett hvor eldreomsorgen ligger administrativt, så er det en kamp om kronene.»

utdanning, fordelingen mellom fri forskning og programforskning og debatten om samfunnsfag versus realfag. Nå er vel en slik holdning i og for seg forståelig. Når vi møter han, har den nye statsråden bare sittet i fire uker. Men på den tiden har han rukket å skjære dramatisk i den foreslåtte løyvingen til Forskningsfondet.

– Lundteigen sier at Clemet bedrev lurert, Stoltenberg har vært inn på det samme. Hvorfor var et forslag om økte midler til Forskningsfondet lurert?

– Her taler historien for seg selv. Det har vært overført en tilsvarende stor sum til Forskningsfondet bare en gang. Og det var det Stortinget som gjorde. Trond Giske og jeg møtte noen representanter fra Frp på mitt kontor og forhandlet frem en løsning på Tippenøkkel-spørsmålet. Vi tok ut forskningen for å støtte barneidretten og kulturen og over-

førte 14 milliarder til Forskningsfondet som et resultat av dette. Det var ekstraordinært.

– Men regjeringen kan jo foreslå økninger?

– Den avgående regjeringen har bevilget noen milliarder av og til. Da Forskningsmeldingen ble lagt frem i sommer, stod der ingenting om en kommende dramatisk økning til Forskningsfondet. Så taper de valget, og foreslår plutselig en økning på 23 milliarder utover det Stortinget la opp til i sommer. Dette skyldes trolig to ting: 1: De vil selvfølgelig gjøre det vanskeligere for oss, og 2: Jeg tror Clemet er opptatt av å ha et godt ettermæle. Men jeg har gjort det til en dyd ikke å snakke om mine forgjengere. Det skal jeg fortsette med. Så jeg tror jeg ikke har noe mer å si om dette utover at Clemet gjorde svært mye positivt for norsk forskning.

– Det var jo fint sagt.

– Men la meg også få si at jeg skjønner svært godt at våre politiske motstandere bruker Forskningsfond-argumentet mot oss. Jeg hadde sikkert gjort det samme selv om jeg fortsatt var på Stortinget. Slik er den politiske retorikken.

EN TING SKJØNNER VI. Det kommer ikke noen uttalelser fra Djupedal som VG eller Dagsavisen kan gripe fatt i.

– Sannheten er at det stor tverrpolitisk enighet om norsk forskning i Stortinget. Vi skal trappe opp og øke kvaliteten.

– Men siden dere også har bundet dere til opptrappingsplanen, så får dere nå en vanskeligere oppgave ved neste korsvei. Dere må øke bevilgningen mer siden dere ikke øker Forskningsfondet nå. Det blir ikke lett?

Her bryter embetsverket inn og viser til at Stortinget ikke formelt har bundet seg til opptrappingsplanen. De eventuelle økte bevilgningene må komme over statsbudsjettene. Klok av skade vet nok embetsverket at ett er hva Stortinget sier i meldinger, noe annet er hva som kommer over Statsbudsjettet.

– Dette er selvsagt riktig, sier Djupedal, men regjeringen har bundet seg til den foreslåtte opptrappingsplanen. Så vi skal finne pengene. Den økte bevilgningen til Forskningsfondet ville for øvrig først ha slått inn i 2007. Sannheten er at vi i høst har lagt frem det klart beste forskningsbudsjettet noen gang.

Men kommer dette til holde frem? Forskerforum har snakket med såkalte informerte kilder i regjeringsapparatet. De sier at regjeringskonferansene går for seg noenlunde slik: Senterpartiministerne er beinharde, de forlanger stadig mer penger, Ap-folkene med unntak av Trond Giske er noe mer tilbakeholdne, men mest tilbakeholdne er SV-erne. De har et tydelig og sterkt ønske om at Kristin Halvorsen skal lykkes som finansminister.

Vi legger resonnementet frem for Djupedal. Han flirer godt og lenge.

– Trodde du at jeg skulle kommentere de ryktene?

– Kanskje.

– Det kommer jeg ikke til å gjøre.

– Men det er din nærmeste politisk allierte du skal skivise penger ut av?

– Kristin og jeg har jobbet nært sammen i over 20 år. Det gjør vi fortsatt. Vi forhandlet oss frem til regjeringsgrunnlaget på Soria Moria, det står vi på. Og det skal vi få til. Ut over det får du ingen kommentar.

VI FÅR MASE om noe annet. Barnehagene.

– Jeg har et stort og bankende hjerte for barnehagene.

– Nå skal ikke stort hjerte være så sunt da.

Djupedal ler igjen. Vi er i ferd med å bli gode venner.

– Men barnehagesektoren skal få en stor vekst. Hvordan vil du forhindre at denne veksten går ut over forskningssektoren?

– Om det er å si følgende: Uansett hvor barnehagene ligger administrativt, uansett hvor eldreomsorgen ligger administrativt, så er det en kamp om kronene. Slike er det bare med den saken. Vi ville ha måttet slåss mot en rekke andre sektorer samme hva slags depar-

«Vi tar faktisk hensyn til livet sånn som det er, og ikke bare i leksikon.»

tementsstruktur vi hadde hatt. For øvrig er jeg veldig glad for at barnehagene har kommet inn under mitt departement. Det viser blant annet at barnehagene er et pedagogisk tilbud som naturlig hører hjemme under undervisningssektoren.

– Men...

– Og du er vel ikke i tvil om at denne regjeringene har meget ambisiøse mål både for forskning og barnehager? Og Jens sitter ikke med en ferdig fordelt hundrelapp og sier at du har fått dine to kroner. Forskningsbudsjettene vil øke uavhengig av barnehagesatsingen. Ut fra objektive kriterier er det to klare vinnere i vårt budsjett i år i tillegg til kommunesatsingen: Forskning og barnehager. Jeg har vært ute en vinterdag før.

Så var det dette med tittelen. Kunnskapsminister. En SV-er som kunnskapsminister. Onde tunger vil ha det til at det er som om Kristin Krohn Devold skulle bli habilitetsminister.

– Jeg vet ikke om du kjenner til den politiske firkanten til Ottar Hellevik?

– Selvsagt gjør jeg det, vi SV-ere spiser kiwi og er opptatt av ungan.

– Den viser at SV er omsorgspartiet og Høyre kunnskapspartiet. Omsorg og kunnskap er nokså ulike størrelser. Man må jobbe hardt for kunnskap.

– Og det skal folk fortsatt gjøre. De skal få jobbe knallhardt. Jeg kan ikke gå inn i hjernen til hver enkelt og få vedkommende til å arbeide hardere. Men jeg skal løfte Norge inn i det nye og kunnskapsorienterte samfunnet. Vær

du sikker på det. Jeg vet at jeg vil bli målt på de resultatene jeg leverer. Dem skal jeg levere.

– Og vi gjør det ikke så bra på kunnskapsmålinger?

– Her kommer kunnskapssyn inn. Kunnskap er fakta, kunnskap er ferdigheter. Men vi har et breiere kunnskapssyn en Høyre. Vi tar faktisk hensyn til livet sånn som det er, og ikke bare i leksikon. Vi er et parti som historisk sett er tuftet på kunnskap, vi er tuftet på opplysningstradisjonen. Svært mange av dem som har funnet og som finner et politisk arbeidsfellesskap i SV, er personer med svært høy utdanning, høyre enn i alle andre partier. Vi har et ikke-dogmatisk arbeidsmiljø der prøving, feiling og resonnering er en integrert del. Våre medlemmer er av og til, til partiledelsens store forvillelse, svært frittalende og undrende. Jeg vil gå så langt som til å si at SV er kunnskapspartiet frem for noe annet parti. Solidaritet og kunnskap, det er SV.

HER BEGYNNER VI å diskutere om det ikke kunne være en idé å skjære litt i u-hjelpen og trygdene som opptar nærmere 300 milliarder av statsbudsjettet og bevilge litt av disse summene til forskning som i fremtiden kunne gjort livet bedre for andre.

– Dette er en søkt problemstilling. Ja, det finnes ikke et felt som man kan argumentere så godt for som forskning. Men det skal aldri gå utover de svake.

Nei, nei. Til slutt må intervjueren få si at han er litt glad i familien Djupedal. I Ørsta, hjemstedet til intervjueren, ligger Ivar Aasen-senteret, de har en fantastisk samling med nynorsk bøker. Det kan vi blant annet takke nordiskprofessor og far Djupedal for.

– Ja, det er rett det. Far hadde Norges største samling med nynorsk bøker i privat eie. Vi gav alle 15 000 bøkene til Ivar Aasen-senteret.

I tillegg har Øystein en bror som heter Torkjell, han driver en av de raskest voksende bedriftene i Sogn og Fjordane, Selja forlag som ble stiftet for ti år siden.

– Vi vokste opp i et hjem med bøker. Men det er Torkjell som har tjent mest penger på det. Jeg ble trykker, Torkjell forlegger. Det er fantastisk hva bror min har fått til. Og forlaget er altså kalt opp igjen etter fars hjemsted Selja i Sogn og Fjordane.

– Men du ble ingen akademiker?

– Nei, jeg trives fantastisk godt sammen med akademikere. Men jeg var altfor rastløs til å sitte på skolebenken, altfor rastløs. Jeg vil ha raske resultater. Det skal jeg få her også.

«Kristin og jeg har jobbet nært sammen i over 20 år. Det gjør vi fortsatt.»

20 spørsmål

1) Frå kva land kjem dei fleste utanlandske studentane i USA?

2) Kva var "kortnamnet" på kommisjonen som frå 1917 skulle slå ned kontrarevolusjonær aktivitet i Sovjetunionen, og som reknast som ein forløpar for KGB?

3) Kven leia denne kommisjonen og vart hovudarkitekten bak den såkalla raude terroren?

4) Ein gong hadde han ei tåre tatovert på kinnet, seinare fekk han saksehender, og nå er han å sjå som sjokoladefabrikant Willy Wonka. Namnet?

5) Kva er den søtaste substansen vi finn i naturen (rundt 50 gonger søtare enn rørsukker)?

6) Kor ligg byen Mokka, som har gitt namn til mokkacaffien?

7) Om du derimot har sko i mokka-skin, kva dyr kjem dette frå?

8) Kva tyder uttrykket "sic transit gloria mundi"?

9) Kva band har fått flotte kritikkar for sitt siste album "Maestro"?

10) Kven fekk Nobelprisen i litteratur i år?

11) Og kven fekk prisen i fjor? - - -

12) Kva er eit anna namn på kolje?



13) Kor mange døydde i Alexander Kieland-ulykka i mars 1980?

14) Byen som i dag er New York, vart først oppkalla etter ein europeisk hovudstad. Kva for ein?

15) Kven er ny rektor ved Universitetet i Oslo?

16) Kva heitte Martin Scorseses film om New Yorks brutale barndom, med Leonardo Di Caprio og Daniel Day Lewis i hovudrollene?

17) Kva heiter USAs ferske FN-ambassadør, som er kjent som ei politisk bølge?

18) Kor ligg byen Lerwick?



19) Med 9,77 sette ein sprintar frå Jamaica ny verdsrekord på 100 meter i sommar. Kva er namnet hans?

20) Rekordmannen skadde seg og kom ikkje til VM i friidrett. Kva heiter amerikana-ren som der vann både 100 og 200 meter?

Rette svar på side 27 ►►

samtiden

TIDSSKRIFT FOR POLITIKK, LITTERATUR OG SAMFUNNsspørsmål



Anmelderne sier:

«Velskrevne, engasjerte, ofte personlige tekster.»

MORGENBLADET, NORGE

«Tidsskriftet kan utvetydige anbefales.»

POLITIKEN, DANMARK

Vår tids fortellinger

Samtiden er tidsskriftet der landets skarpeste skribenter spissformulerer trender og tendenser i kultur og samfunn.

Samtiden 4/2005 er ute nå. Les bl.a.:

- Nikolaj Frobenius: *Rasende drabanter. Et essay om Rykkinn*
- Adelheid Seyfarth Gulbrandsen: *Mors bus - om levd liv og litteratur*
- Jan Arild Snoen: *Norske mediers USA-fordommer*
- Hans Erik Næss: *Kulturell globalisering er ikke amerikanisering*
- Beate Elvebakk/ Vidar Enebakk: *Tellekanter og vitenskapelig publisering*
- Christian Egge: *Underveis med Johan Galtung*
- Camilla Lied: *Gata som arbeidsplass*
- Paul Berman: *Om liberalisme og terror*
- Janne Haaland Matlary: *Replikk til Paul Berman*
- Jens-Martin Eriksen/Frederik Stjernfelt: *Serbia-nasjonalismens fedre*
- Solveig Aareskjold: *Avlusing*

Foto denne gang: *Mikkel McAlinden*

Artikler og debatter på www.samtiden.no



Redaktør:
Knut Olav Åmås

Gi et abonnement i gave – 624 sider pr. år
abonnement@samtden.no eller 22 400 400
Student 298,- Privat 348,- Institusjon 388,-
Fås i Narvesen og bokhandel, kr. 98,-





Feira jubileumsbok med debatt

Jubileumsboka til Forskerforbundet vart lansert i stilige, nyrestaurerte Gamle festsal på Karl Johan. Trass i ein del ros, vanka det også kritiske kommentarar.

TIL TONAR AV norsk folkemusikk kunne generalsekretær Kari Kjenndalen ønske velkomen til lanseringa av Forskerforbundets jubileumsbok. I vakre, nyrestaurerte Gamle festsal er veggene stinne av historie og doktordisputasar. Og det kunne nesten minne om ein høgtideleg disputas då forfattaren Yngve Nilsen steig opp på talarstolen for å presentere boka *En sterk stilling? Norsk forskerforbunds historie 1955-2005*. Han fortalde kort om kva han hadde vald å leggje vekt på i framstillinga av Forskerforbundet si historie. Deretter var det tid for kommentarar og debatt.

IKKJE UVENTA VAR DET fleire som kommenterte det forfattaren har kalla *Forskerstigen*, eit omgrep som vert framstilt som grunnleggande for å forstå Forskerforbundets utvikling, og som går som ein raud tråd gjennom boka. Generalsekretær i Sveriges Universitetsläraforbund, Göran Blomqvist, lurte på om utviklinga av det norske opprykks- og stilingsystemet, eller *Forskerstigen*, er ei særleg norsk løysing.

– Det skulle vore fint om forfattaren hadde samanlikna den norske historia med utviklinga i andre land, sa Blomqvist i sin kommentar.

– Forfattaren skildrar kva som hender når ein liten professordominert organisasjon får fleire medlemmer, tilgang til makt og rett til eiga forskning. Her framstår det norske samfunnet som meir korporativt enn i mange



Boka fekk då ikkje så aller verst kritikk? Ein letta forfattar Yngve Nilsen etter boklanseringa.

andre land, uttalte han.

Blomqvist hevda at den norske staten har vore ein pådrivar i utviklinga, og staten og radikale lærargrupper ser ut til å gått saman om dette.

– Om eg har rett, så blir eit viktig spørsmål

om Forskerforbundet har vore ein sjølvstendig aktør eller også ein reiskap for visse interesser som har ønskt å modernisere ein liten, slutta sektor, kommenterte han.

OGSÅ PROFESSOR TOVE BULL ved Universitetet i Tromsø kom med interessante kommentarar. Ho kom først inn på manglar ved framstillinga, der ho etterlyste det lokale perspektivet, men også det individuelle medlemsperspektivet.

Bull la elles vekt på den todelte rolla som Forskerforbundet har hatt i utviklinga.

– Dels spelar Forskerforbundet rolla som fagforeining eller interesseorganisasjon, dels som forskingspolitisk aktør. Begge rollene har vore prega av at identifikasjonen til forbundet har vore hos enkeltmedlemmet, ikkje hos institusjonane. Men langt på veg kan det sjå ut til at Forskerforbundet oppfattar det som om interessene til enkeltforskarane og institusjonane er samanfallande. Men det er dei slett ikkje alltid, sa Bull.

Ho viste til at forfattaren sjølv slår fast at *Forskerstigen* har eit uavklara forhold til relasjonen mellom individ og institusjon.

Etter boklansering og debatt var det klart for enkel servering med noko attåt i det gamle eksamenslokalet i Urbygningen. For det var stor grunn til å feire at Forskerforbundet feirar 50 år med ny og spennande jubileumsbok.

